

**TILSYNSRAPPORTERING FRÅ HELSE FØRDE HF
FOR SEPTEMBER 2022 - DATO 06.10.2022**

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRA PPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Stats- forvaltaren i Vestland	Helse Førde	Barne- og ungdomsavdelin ga, seksjon for habilitering barn og unge	26.01.2022	Eitt avvik	01.01.2023	<p>Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, seksjon Habilitering for barn og unge den 14. og 15.12.2021. Dei undersøkte om helseføretaket sørger for at barn og unge under 18 år som vert tilviste med spørsmål om utviklingshemming og om vurdering av bruk av tvang vert følgde opp i samsvar med aktuelle lovkrav slik at tenestemottakarane får trygge og gode tenester.</p> <p>Statsforvaltaren peiker på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> Helse Førde har ikkje sørgt for at seksjon Habilitering for barn og unge har tilgang på faglege ressursar og kompetanse som trengst i samband med utgreiing av utviklingshemming og tverrfagleg oppfølging av barna. <p>Dette er brot på: Spesialisthelsetenestelova § 2-2, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring §§ 6-9.</p> <p>Statsforvaltaren ber Helse Førde om å gjere greie for kva tiltak som vert sett i verk for å rette lovbrotet og korleis helseføretaket vil evaluere om tiltaka fører til endring i praksis for utgreiing av psykisk utviklingshemming og tverrfagleg</p>	

					<p>oppfølging av barna.</p> <p>Fristen for første tilbakemelding var 1. april 2022. Helse Førde sende si tilbakemelding 31. mars, og fekk svar frå Statsforvaltaren i slutten av april.</p> <p>Statsforvaltaren ber om ny tilbakemelding pr 1. september 2022 på status når det gjeld arbeid med kompetaneplan, og arbeid med samarbeidsavtale med PBU og Habilitering for vaksne. For å kunne evaluere om det i praksis vert endringar i utgreiingsforløpa for psykisk utviklingshemming, ber dei også om ein grundig gjennomgang av utgreiingsforløp som er starta i 2022.</p> <p>Statsforvaltaren ønskjer også kopi av kvartalsrapportane som går til føretaksleiinga i 2022.</p> <p>Helse Førde har sendt over etterspurt dokumentasjon, og har førebels ikkje fått tilbakemelding på den.</p> <p>Sak i Elements 2021/5704</p>
--	--	--	--	--	--

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre.

Helse Førde har registrert **totalt 1** tilsyn og revisjonar i perioden 01.09 – 30.09.2022.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan.